



Saksbehandlar: Petter Steen jr.

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/23	Eldrerådet	16.11.2023
020/23	Råd for personar med nedsett funksjonsevne	20.11.2023
035/23	Hovudutval helse/omsorg	20.11.2023
047/23	Hovudutval oppvekst/kultur	20.11.2023
069/23	Hovudutval teknisk/næring	20.11.2023
143/23	Formannskapet	27.11.2023
	Kommunestyret	

Folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio kommunestyre tek folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023 til etterretning.
2. Oversiktsdokumentet skal vera eit av grunnlagsdokumenta for ny planstrategi for Sveio kommune.
3. Det må leggjast særskilt vekt på desse folkehelseutfordringane i det vidare planarbeidet:
 - a. Grunnleggjande dugleikar i skulen.
 - b. Fysisk aktivitet i nærmiljøet og rett kosthald for å førebyggja overvekt, fedme og dårleg tannhelse.
 - c. Aukande utanforskap i kommunen, særleg i aldersgruppa unge vaksne (18-29 år). Aukande utanforskap syner seg mellom anna ved utgifter til økonomisk sosialhjelp, høg del uføretrygda i folkesetnaden og fallande gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring.

Hovudutval teknisk/næring 20.11.2023:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak (pkt. nr. 1-3):

1. Sveio kommunestyre tek folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023 til etterretning.
2. Oversiktsdokumentet skal vera eit av grunnlagsdokumenta for ny planstrategi for Sveio kommune.
3. Det må leggjast særskilt vekt på desse folkehelseutfordringane i det vidare planarbeidet:

- a. Grunnleggjande dugleikar i skulen.
- b. Fysisk aktivitet i nærmiljøet og rett kosthald for å førebyggja overvekt, fedme og dårleg tannhelse.
- c. Aukande utanforskap i kommunen, særleg i aldersgruppa unge vaksne (18-29 år). Aukande utanforskap syner seg mellom anna ved utgifter til økonomisk sosialhjelp, høg del uføretrygda i folkesetnaden og fallande gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring.

Samrøystes som framlagt av rådmannen.

Framlegg til tilleggspunkt (pkt. nr. 4 og 5) frå Grethe Lier Alne:

4. Sveio kommune bør laga ein handlingsplan for korleis helse og levevilkåra til eldre kan styrkast i framtida.
5. Det bør setjast meir fokus på tilflytting/folkevekst i kommunen.

Samrøystes som framlagt av Grethe Lier Alne mot éi røyst. Mindretal: Olav Østebø Olsen (SV).

HTN - 069/23 Vedtak

Tilråding til formannskapet:

1. Sveio kommunestyre tek folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023 til etterretning.
2. Oversiktsdokumentet skal vera eit av grunnlagsdokumenta for ny planstrategi for Sveio kommune.
3. Det må leggjast særskilt vekt på desse folkehelseutfordringane i det vidare planarbeidet:
 - a. Grunnleggjande dugleikar i skulen.
 - b. Fysisk aktivitet i nærmiljøet og rett kosthald for å førebyggja overvekt, fedme og dårleg tannhelse.
 - c. Aukande utanforskap i kommunen, særleg i aldersgruppa unge vaksne (18-29 år). Aukande utanforskap syner seg mellom anna ved utgifter til økonomisk sosialhjelp, høg del uføretrygda i folkesetnaden og fallande gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring.
4. Sveio kommune bør laga ein handlingsplan for korleis helse og levevilkåra til eldre kan styrkast i framtida.
5. Det bør setjast meir fokus på tilflytting/folkevekst i kommunen.

Hovudutval oppvekst/kultur 20.11.2023:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

HOK - 047/23 Vedtak

Hovudutval oppvekst/kultur si tilråding til formannskapet:

1. Sveio kommunestyre tek folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023 til etterretning.
2. Oversiktsdokumentet skal vera eit av grunnlagsdokumenta for ny planstrategi for Sveio kommune.
3. Det må leggjast særskilt vekt på desse folkehelseutfordringane i det vidare planarbeidet:
 - Grunnleggjande dugleikar i skulen.
 - Fysisk aktivitet i nærmiljøet og rett kosthald for å førebyggja overvekt, fedme og dårleg tannhelse.

- Aukande utanforskap i kommunen, særleg i aldersgruppa unge vaksne (18-29 år). Aukande utanforskap syner seg mellom anna ved utgifter til økonomisk sosialhjelp, høg del uføretrygda i folkesetnaden og fallande gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring.

Eldrerådet 16.11.2023:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Eldrerådet vedtok samrøystes følgjande tillegg til rådmannen sitt framlegg:

- Helse- og levekåra til eldre må styrkast.
- Det er viktig å stimulera til folketalsvekst.

ELR - 037/23 Vedtak

Eldrerådet si tilråding:

1. Sveio kommunestyre tek folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023 til etterretning.
2. Oversiktsdokumentet skal vera eit av grunnlagsdokumenta for ny planstrategi for Sveio kommune.
3. Det må leggjast særskilt vekt på desse folkehelseutfordringane i det vidare planarbeidet:
 - Grunnleggjande dugleikar i skulen.
 - Fysisk aktivitet i nærmiljøet og rett kosthald for å førebyggja overvekt, fedme og dårleg tannhelse.
 - Aukande utanforskap i kommunen, særleg i aldersgruppa unge vaksne (18-29 år). Aukande utanforskap syner seg mellom anna ved utgifter til økonomisk sosialhjelp, høg del uføretrygda i folkesetnaden og fallande gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring.
 - Helse- og levekåra til eldre må styrkast.
 - Det er viktig å stimulera til folketalsvekst.

Saksutgreiing

Samandrag

Folkehelsa i Sveio kommune er gjennomgåande rimeleg god, men på nokre område ser vi at det er trong for å setja inn tiltak. Dette er område som grunnleggjande dugleikar i skulen, fysisk aktivitet i nærmiljøet og betre kosthald for å førebyggja overvekt, fedme og dårleg tannhelse, samt aukande utanforskap, særleg blant unge vaksne. Desse utfordringane må liggja til grunn ved utarbeiding av ny planstrategi for Sveio kommune.

Bakgrunn for saka

Sveio kommune sin gjeldande folkehelseoversikt blei handsama av Sveio kommunestyre i sak 060/19 i møtet 30. september 2019. Det er såleis innanfor lovkravet at det no er utarbeidd ny og oppdatert oversikt. Kommunane sine plikter innanfor folkehelsearbeidet er heimla i Lov om folkehelsearbeid (folkehelse-lova) av 24. juni 2011. Kravet om å ha oppdatert oversikt over stoda er teke inn i §5 i lova. Kommunen sine plikter er utdjupa nærare i «Forskrift om oversikt over folkehelsen» av 28. juni 2012.

Som det går fram av § 6 i folkehelselova, skal dette oversiktsdokumentet vera ein del av grunnlaget for kommunen sin planstrategi som skal handsamast av kommunestyret innan eitt år etter konstituerande møte, jamfør Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova), §10-1.

Saks- og faktaopplysningar

Det er eit lovkrav at norske kommunar skal utarbeida eit oversiktsdokument som analyserer folkehelsa kvart fjerde år. Dokumentet skal vera ein del av grunnlaget for kommunen sin planstrategi. Det er difor viktig at det blir gjort ei tydeleg prioritering av dei tiltaksområda ein ønskjer å ha fokus på. Sveio kommune har ikkje kapasitet til å nå over alt i løpet av ein periode på fire år. Difor har rådmannen peika på desse utfordringane i oppsummeringa av oversiktsdokumentet:

- Grunnleggande dugleikar i skulen. Lesing og skriving er to dugleikar som har innverknad på all læring i skulen. I tillegg har dei innverknad på deltaking både i arbeids- og samfunnslivet. Sveio kommune må difor sikra at læringsutbyttet i skulen minst er på høgd med resten av fylket og landet. Satsingar på oppvekstfeltet blir berre vellukka om vi held fokus på utviklingsarbeidet over tid. Dette blir og eit viktig tema knytt til gjennomføringa av oppvekstreforma i Sveio kommune.
- Fysisk aktivitet i nærmiljøet og betre kosthald. Sveio kommune har svært høge utgifter til skuleskyss under fire kilometer. For mange born og unge som bur nær skulen sin, må ha skyss på grunn av farleg skuleveg og manglande veglys. Statistikken som er teken inn her, gjeld kommunale vegar, men vi finn dei same manglane langs fylkesvegnettet i kommunen. Eit betre nett av gang- og sykkelvegar med lys vil spara kommunen for utgifter og stimulera til gange og sykling til og frå skulen.
- Samstundes ser vi at Sveio kommune ligg høgt med omsyn til overvekt på sesjon og førekomst av karies. Vi har og mykje høgare tal for nye tilfelle av tjukk- og endetarmskreft enn både fylket om landet. Denne kreftforma er relatert til alder, men feil kosthald er og ein viktig risikofaktor.
- Det er viktig at Sveio kommune tek omsyn til desse mogelege samanhengane i planarbeidet framover. Både blant unge, vaksne og eldre vil det vera viktig å stimulera til auka fysisk aktivitet og eit sunt kosthald.
- Utanforskapen ser ut til å auka i kommunen. Mange lever av uføretrygd, samanlikna med dei næraste nabokommunane. For mange born veks opp i familiar med vedvarande låginntekt. Dette kan forsterka sosial ulikskap i helse, noko som det er ei sentral oppgåve for kommunen å førebyggja.

Rådmannen syner elles til sjølv oversiktsdokumentet som ligg ved saka. Dokumentet er meint å gje eit breiast mogeleg oversyn over stoda.

Det er grunn til å trekkja fram den demografiske utviklinga som kommunen vil oppleva dei næraste åra. På grunn av at kommunen hadde sterk velst i folketalet dei første femten åra etter tusenårsskiftet, har Sveio framleis ein relativt ung folkesetnad i 2023. Dette vil endra seg kraftig i åra som kjem. Talet på eldre vil auka, særleg i aldersgruppa 80-89 år. Samstundes vil kommunen oppleva ein kraftig reduksjon i talet på barnehageborn og grunnskuleelevar. Dette vil setja den kommunale økonomien under press og krevja streng prioritering av kva for tiltak som skal setjast i verk, også på folkehelseområdet.

Innkomne merknadar / Uttale frå partar

Folkehelseoversikta har vore lagt ut til både intern og ekstern høyring. Då høyringsfristen gjekk ut 25. september, var det kome inn to eksterne høyringsfråsegner:

1. **Helse Fonna HF.** Helse Fonna takkar for høvet til å gje innspel til dokumentet, men ønskjer å venta med konkrete synspunkt til samfunnsdelen av kommuneplanen kjem på ny høyring.
2. **Arne Valen.** Valen peikar på utfordringane knytt til utanforskap blant unge vaksne, der NAV sin statistikk syner at 42 personar i aldersgruppa 18-29 år står utanfor både utdanning og arbeid. Valen gjev uttrykk for at det bør gjerast ein meir aktiv jobb andsynes denne gruppa. Valen si høyringsfråsegn støttar opp under og forsterkar det siste punktet i rådmannen si oppsummering, *utanforskap*.

Konsekvensar

FN sine berekraftsmål



Økonomiske konsekvensar

Godt og målretta folkehelsearbeid er førebyggjande arbeid og skal over tid hjelpa til med å redusera veksten i offentlege utgifter.

Beredskap

Ikkje aktuelt.

Vurdering

Rådmannen syner til oversiktsdokumentet som ligg ved saka. Slik rådmannen vurderer det, er det viktig at Sveio kommune prioriterer strengt blant tiltaka som skal setjast i verk for å betra folkehelsa. Det er og eit viktig første steg å breia ut kunnskapen om folkehelsearbeidet i eigen organisasjon. Alle medarbeidarane i Sveio kommune er på kvart sitt område folkehelsearbeidarar.

Den demografiske utviklinga gjer at Sveio kommune vil møte store utfordringar i åra som kjem. Talet på eldre blir høgare, samstundes som talet på barnehageborn og grunnskuleelevar blir lågare. I løpet av 2030-talet vil og talet på ibuarar i arbeidsaktiv alder bli redusert.

Eit effektivt og målretta folkehelsearbeid kan hjelpa til med å redusera auken i kommunale utgifter ved at folk kan halda seg friske lenger, slik at trongen for kommunale helse- og omsorgstenester kan skyvast noko ut i tid.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen syner til vurderinga ovanfor og framlegg til vedtak først i saka.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

- LOV-2011-06-24-29; Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)

- FOR-2012-06-28-692; Forskrift om oversikt over folkehelsen
- LOV-2008-06-27-71; Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

Vedlegg:

Folkehelseoversikt for Sveio 2023

Høyringsvar Folkehelseoversikt

Høyringsvar Folkehelseoversikt, Sveio kommune, 25.09.23

Høring - Framlegg til folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023

AcosSvarInn.xml